

Årsmøte i Nordfjord Golfklubb 2026

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, onsdag 04.02.2026, frå klokka 18.00 til 19.00.

Det var totalt 13 frammøtte, inklusive styremedlemmar. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkommen av styreleiar Kent Tryggestad

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Styrets årsmelding 2025
4. Rekneskap 2025 og budsjett 2026
5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort
6. Val av leiar
7. Val av styremedlemmar, varamedlemmar og komitémedlemmar
8. Eventuelt.

Protokoll for Nordfjord Golfklubb

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var lagt ut på Nordfjord GK si heimeside og Facebook side.

Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend.

2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.

Møteleiar:	Kent Tryggestad
Referent:	Joar Sæten
Protokollunderskriving:	Per Bøen og John Matias Garlid

Vedtak: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen vart samrøystes vedteke

3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart lest av Styreleiar.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes vedteken

4. Rekneskap og budsjett.

Kasserar, Helge Haugland, presenterte rekneskapen for sesongen 2025 og budsjett for sesongen 2026.

Vedtak: Rekneskapen for 2025 og budsjettet for 2026 vart samrøystes vedteke.

5. Regulering av: kontingent, greenfee, årskort og baneandelar for 2027.

Styre har vore samde om at kontingentane skal haldast på eit lavt nivå, og har følgjande framlegg: Kontingentane blir justert til følgjande satsar:

- Medlemsskap senior kr. 1.400,-
- Medlemsskap junior 15 -19 år kr. 700,-
- Medlem under 15 år kr. 0,-
- Årsgreenfee medlem senior kr. 2.000,-
- Årsgreenfee medlem junior 15-19 år kr. 1.000,-
- Årsgreenfee medlem under 15 år kr. 0,-
- Dagsgreenfee senior kr. 300,-
- Dagsgreenfee junior medlem kr. 100,- (15-19 år)
- Dagsgreenfee junior ikkje medlem kr. 100,- (under 19 år)

Vedtak: Etter litt diskusjon mellom dei frammøtte blei ein enige om følgjande: Kontingentar for 2027 blir som ovanfor. I tillegg blir det anledning for ikkje medlemar å kjøpe års-greenfee til same prisar som medlemane.

6. Val av leiar

Valnemnda ved leiar Jens Christian Botn la fram forslag på leiar, Kent Tryggestad

Vedtak: Kent Tryggestad vert leiar for NGK for 2026, samrøystes vedtak.

7. Val av styremedlemar, vara medlemar og komitémedlemar.

Valnemnda ved leiar Jens Christian Botn la fram forslag på styremedlemmar og komitémedlemmar: To nye blei valt inn i Sportskomiteen, Peder Tafjord Meland og Oliver Midtbø. Valnemnda ønsker å tre av, og to nye i møtet blei valt inn i valnemnda, Isak Jørgen Søraa og Arild Hjelmeland.

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

Valprotokoll for sesongen 2026

Gruppe	Verv	2026	På val
Styre	Leiar	Kent Tryggestad	2027
	Nestleiar	Jan Skogstad	2027
	Sekretær	Joar Sæten	2027
	Kasserar	Helge Haugland	2028
	Styremedlem	Tore H. Naustdal	2028
	Styremedlem	Oddbjørn Melheim	2027
	Vara	Øystein Kolseth	2027
	Grunneigar	Torill Fjørtoft	-
	Grunneigar	Stephan Ter Stege	-
HCP- kontaktperson		Jan Skogstad	2028
Banemeister		Tore Naustdal	2028
Drift- og vedlikehaldskomit�	Leiar	Kurt Hammer�	2028
		Per B�en	2027
		Finn Haugland	2028

Sportskomité/ Marknadsgruppe	Leiar	Oddbjørn Melheim	2027
		Peder Tafjord Meland	2028
		Oliver Midtbø	2028
		Håvard Nygård	2027
		Mats Andersson	2027
Skulekomité	Leiar	Thomas Storøy	2027
Valnemnd		Arild Hjelmeland	2028
		Isak Jørgen Søråa	2028

8. Eventuelt

8.1 Cruiseturistar

Kommentar frå salen om at vi må selje inn golfmoglegheiter i god tid før båtane kjem. I tillegg må vi ha eit system med utleigesett for drop-in. Kommenter frå styreformann er at vi har utfordringar med å få til ein fast banevert på dagtid.

Styret tar kommentaren til etterretning og skal jobbe aktivt framover mot sesongstart for å prøve å få til et godt nok system for drop-in.

8.2 VTG-kurs 2026


Øystein orienterte om at det i 2026 vil bli begrensningar i antal deltakarar på VTG-kurs. Dette som følgje av at det blir strengare krav til banespel. Det blir maksimalt 15 deltakarar på kvart kurs. Samtidig vil det bli satt opp kurs til faste datoar gjennom sesongen. Disse blir annonsert på heimeside og i sosiale media. I tillegg vurderer vi å arrangere reine VTG kurs for damer. Dette for å søke å rekruttere fleire damer til klubben.

Årsmøtet tok orienteringa til etterretning.

Nordfjordeid, 4. februar 2026.



.....
-Per Bøen -



.....
- John Matias Garlid -